



Fylkesmannen i Hordaland

FANA STEIN & GJENVINNING AS
Fanav 221 (JE)
5239 Rådal

Bergen, 1. juni 2018

Dykkar ref.:
Karsten Gundersen

Vår ref.(oppgi ved svar):
2016/2629
Sakshandsamar:
Astrid Holte

Rapport etter inspeksjon ved Stendafjellet avfallsdeponi

Kontrollnummer: 2017.079.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Karsten Gundersen, Roar Klubnes,
Sigrun Storheim

Frå Fylkesmannen i Hordaland:

Astrid Holte, Hallvard Hageberg

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Stendafjellet avfallsdeponi den 19.12.2017. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 2 avvik innan følgjande tema under inspeksjonen:

- Dokumentasjon av avfall
- Internkontroll

Det vart ikkje gitt merknadar. Avvika er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Astrid Holte
senioringeniør

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Kopi: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: FANA STEIN & GJENVINNING AS AVD BEHANDLING AV AVFALL	
Organisasjonsnr.: 976829158	Eigd av: 980348466
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 - Behandling og disponering av ikke-farlig avfall	

Kontrollert anlegg

Namn: Stendafjellet avfallsdeponi - FSG	Anleggsnr.: 1201.0315.01
Kommune: Bergen	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Deponering	
Løyve gitt: 27.07.2012	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte tilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av ureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Utslepp til luft
- Avfall

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fana Stein & Gjenvinning AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Fana Stein

& Gjenvinning AS innan 1. oktober 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda under tilsynet den 19. desember 2017. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventna ressursbruk må Fana Stein & Gjenvinning AS betale eit gebyr på kr 22 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varer inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Dokumentasjon av avfall har manglar

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta § 9-11 Mottak av avfall og 11-12 deklarasjonsplikt for farleg avfall
- Løyve til deponering av avfall punkt 2.1 Registrering og kontroll ved mottak av avfall

Kommentar til regelverket:

Avfallsprodusenten skal dokumentere at avfall til deponi fyller krava til kvalitet i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II. Når eit deponi tek imot avfall, skal det ligge føre dokumentasjon at kvaliteten på avfallet er innanfor krava til avfallet sett i løyvet.

I løyvet står det at driftsansvarleg skal gjennomføre kontroll av alt avfall for å avdekke om avfallet er i strid med krava i løyvet. Mottakskontrollen skal minst følge krava i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II.

Det er krav til deklarerering av farleg avfall ved levering.

Observasjonar under tilsynet:

- Sandfangsmassar frå eigne oljeutskillarar vert deponert på eige deponi utan at avfallet er deklartert eller basiskarakterisert
- Verksemda tok imot avfall til deponi utan at det var basiskarakterisert. I 2017 etablerte verksemda digitalt skjema for basiskarakterisering på nett, men dette var ikkje tatt i bruk for alle leveransar til deponiet. Kvaliteten på avfallet for alle større leveransar var godt dokumentert. Oppfølging av at alle mindre leveransar var basiskarakterisert før levering var under implementering. Det vart ikkje alltid sjekka at avfall som oppstår jamnleg vart verifisert minst ein gong per år.

Avvik 2

Internkontrollen har manglar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 om risikovurdering og punkt 7 om rutinar

Kommentarar til regelverket:

Risikovurdering

Verksemda skal kartleggje farar og problem, vurdere risiko, og lage planar og tiltak for å redusere risikotilhøva. I løyvet er det krav om oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold.

Rutinar

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav i løyvet eller andre krav i miljøregelverket. Rutinane skal vere skriftlege.

Observasjonar under tilsynet:

Risikovurdering

Risikovurderinga var oppdatert i 2017, men nokre hendingar med fare for forureining var ikkje vurdert;

- mottak og deponering av avfall med manglande dokumentasjon av kvalitet (basiskarakterisering, verifisering, testing, deklarasjon) eller ulovleg avfall
- mottak, knusing og lagring av asfalt, inkludert vurdering av måleprogram og evt. effektar av forureining

Rutinar

Rutine for vurdering og oppfølging av analyseresultat og råd frå konsulent var mangelfull. Oppfølging av analyseresultata var sett bort til konsulent, men det var uklart korleis resultata som kom i løpet av året skulle vurderast og meldast frå konsulenten til verksemda. I årsrapporten frå 2016 har konsulenten vist til at det i årsrapportane for 2010 og 2011 var tilrådd at det skulle etablerast djupare pumpesump for å eliminere ein teoretisk mogleg spreingsveg, men at dette ikkje var utført. Konsulenten skriv at dei

dette rådet står ved lag, men det er ikkje dokumentert korleis verksemda har følgt opp dette.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Forureining frå uttak, knusing og lagring av stein

Under tilsynet vart forureining frå uttak, knusing og lagring av stein diskutert. Fylkesmannen gjennomførte i mai 2018 eige tilsyn med pukkverksdrifta, og dette tema er derfor ikkje tatt med i denne rapporten.

Endring av løyve

Både løyve til deponiet og nettplassen må oppdaterast, da dei ikkje er dekkande for dagens aktivitet og forureining frå verksemda. Mellom anna var det lagt til grunn at deponiet ikkje skulle produsere sigevatn, men dette stemmer ikkje i dag. Drifta av nettplassen er heller ikkje slik det var lagt til grunn når løyvet vart gitt, og vilkåra er utdaterte. Fylkesmannen har også varsla at vi vil gå gjennom alle løyve etter forureiningslova til verksemder på eller med avrenning mot det nedlagte deponiet i Rådalen for å sikre at omsyn til etterdrifta er ivaretatt i vilkåra. Vi har også varsla at vi vurderer å sette krav til aktivitetar som ikkje har løyve i dag, for å sikre omsyn til det nedlagte deponiet.

Vi ber derfor om at Fana Stein og Gjenvinning AS sender søknad om nytt utsleppsløyve for sine aktivitetar i Rådalen saman med tilbakemelding på retting av avvika.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve 27. juli 2012 etter forureiningslova til deponering av avfall i bergromsdeponi i Stendafjellet